

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Tom-Christer Nilsen sette fram slikt forslag:

"Endring i punkt 1:

Det vert oppretta eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen. (...)"

Nils-Olav Næss gjorde framlegg (a) om Sveinung Valle som representant i omstillingsutvalet.

Inge Reidar Kallevåg gjorde framlegg om Tom-Christer Nilsen som representant.

Nils-Olav Næss sette fram slikt forslag (b):

"Nytt punkt 4:

Fylkesutvalet ber omstillingsutvalet arbeide vidare med problemstillingar knytt til nedgangstidene i heile olje- og gassindustrien. Ein bør ta sikte på kontakt med sentrale styresmakter og arbeide saman med desse, for å styrke verkemiddelapparatet og arbeide for at oljeselskapa gjennomfører investeringsprosjekt som no blir utsett."

Mona Hellesnes sette fram slikt forslag:

"Endra punkt 1:

Fylkesutvalet ser svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og vil ta initiativ til ein samordna regional innsats for industrien gjennom Regionalt Næringsforum.

Fylkesutvalet ber Regionalt Næringsforum aktivt arbeide for gjennomføring av tiltaka i rapport frå HOG Energi (RS 75/2015 i fylkesutvalet), i tett samarbeid med næringa."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med Nilsen sitt forslag vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (V, KrF) for Hellesnes sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Nilsen sitt forslag og Næss sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Næss sitt forslag (b) vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Vedtak

Fylkesutvalet ser svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og vil ta initiativ til ein samordna regional innsats for denne industrien ved at:

1. Det vert oppretta eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen. Fylkesutvalet vel følgjande to representantar til å delta i omstillingsutvalet:

Sveinung Valle
Tom-Christer Nilsen

Mandatet blir å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.

2. Fylkesutvalet stiller inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2015, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv

eller av Innovasjon Norge Hordaland.

3. Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2016 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.
4. Fylkesutvalet ber omstillingsutvalet arbeide vidare med problemstillingar knytt til nedgangstidene i heile olje- og gassindustrien. Ein bør ta sikte på kontakt med sentrale styresmakter og arbeide saman med desse, for å styrke verkemiddelapparatet og arbeide for at oljeselskapa gjennomfører investeringsprosjekt som no blir utsett.